

Os, 13.02.2017

### Beskrivelse av tiltaket

Os kommune satsar vidare med arbeidet knytt til merking av turløyper i kommunen. Underteikna jobbar i ei 60 %stilling ved Kultureininga, og stilling er i hovudsak knytt opp mot Merkeprosjektet. Heilt sidan kommunen valte å satse på prosjektet har ein utvikla eit godt samarbeid med Os Turlag, samt eit breiare samarbeid på tvers av avdelingane internt i kommunen. Avdelingsleiar Torbjørn Steffensen ved avdeling for kart og oppmåling i kommunen er ein viktig bidragsytar, samt tekniske tenester som ved fleire anledningar har bidrege i prosjektet ved å sjå på moglegheiter for å opparbeide parkeringsplassar for turgåarar. Merkeprosjektet er allereie godt i gang i 2017. Informasjonstavle for Borgafjellet er bestilt og Os turlag har starta jobben med å gå opp løypa til Rødsfjellet.

For å vise fram dei nymerka løypene i Os, skal Os Turlag i samarbeid med Kultureininga arrangera eit mosjonsløp. Løpet skal gå frå sentrum via Borgafjellet til Tøsdal gjennom Nordmarka og tilbake til sentrum. På turen vil dei som deltar få sjå dei flotte nye informasjonstavlene, skilt som er hengt opp og det flotte arbeidet Os Turlag har gjort med tilrettelegging gjennom bygging av Klopper, Bruer, Steinsetting og Rydding av stiane.

Områder ein ønskjer å merke 2017-2018:

- Frå Midtsæter til Svéningen.(Sjå vedlegg 1 )

Dersom ein spør innbyggjarane is Os kva for eit fjell ein syns det er flottast å gå på tur i. Vil mange svare Midtsæterfjellet, og toppane inn mot Svéningen. Dette området har fantastisk utsikt i alle retningar. Frå Midtsæterfjellet (604 moh) og inn til Svéningen (842 moh) er det 10,3 km. Mellom Midtsæterfjellet og Svéningen er det 3 fjelltoppar man går over på vegen innover. Rindafjellet 715 moh, Sauskolten 732 moh og Søtafjellet 769 moh. Fleire og fleire brukar dette området til tur (mellom anna skular), og det er viktig å få opp ei skikkeleg informasjonstavle, samt skilt som visar gradering, retning og km.

- Rødsfjellet.( Sjå vedlegg 2)

Rødsfjellet (526 moh) ligg mellom Møsnuken og Midtsæterfjellet. Dette er eit mykje brukt fjell for turfolk, men og for skulane i Os. Os barneskule har Rødsfjellet som fast tur med elevane på mellomtrinnet om våren. Dette er og eit mykje brukt fjell for Hegglandsdalen Barneskule når dei skal på fjelltur. Rødsfjellet kan og nåast dersom ein går vidare frå Møsnuken eller frå Midtsæter. Ein ser for seg informasjonstavle og skilt frå Austsida av fjellet (som er det naturlege startpunktet for turen), men og skilting frå Møsnuken og Midtsæterfjellet til Rødsfjellet. Mellom Møsnuken og Rødsfjellet er det og eit flyvrak frå 2 verdskrigs som det er historisk viktig å få informert om og merka løype til.

- **Høglikampen og Vardafjellet. (Sjå vedlegg 3)**

Os turlag har sendt ut grunneigaravtalar for området Høglikampen og Vardafjellet. Høglikampen 266 moh og Vardafjellet 305 moh er to fjell som ligg flott til, men som ikkje er så mykje brukt som ein skulle ønskja. Ein ønskjer å få merka, laga infotavle og reklamert for område slik at innbyggjarane i Os vil gå meir på tur i dette området, og for å avlaste slitasjen på Storevarden/Liafjellet, som ligg berre eit steinkast unna. Området har og stort potensiale for å gå tur over til Drange i Lysefjorden samt at Søvikfjellet og Ulvenfjellet bør merkast på sikt.

- **Skavhedlo (Sjå Vedlegg 5)**


Skavhedlo er ein gammal husmannsplass i Os der det budde folk fram til 1900-talet. Det var 2 bruk på Skavhedlo. Under 2. verdskrig stod eit hus att. Dette huset vert nytta som skjulestad for 2 russiske krigsfangar på rømmen. Dei vart funne av tyskarane, og avretta. Tyskarane brant samtidig ned det siste huset som stod igjen på Skavhedlo. Det er 2 mulighetar for å komme seg inn til Skavhedlo. Den eine er skogssti frå Lio der ein går i nydeleg skogsnatur og har utsikt mot Fusa og Tysnes. Den andre er ein grusveg som er i lett terreng. Vi ønskjer å skilte begge alternativa og lage ei informasjonstavle med kart, og informasjon om husmannsplassen fram til 1900, og kva som skjedde under 2.verdskrig. Grusvegen inn til Skavhedlo er og viktig å merke og informere om for dei med nedsatt funksjonsevne. Denne turen har og stort potensiale for merking. Dersom ein ønskjer kan ein gå frå Eide til Skavhedlo, Lio og heilt til Rød.

- **Frå Sentrum (sjå Vedlegg 6)**

Frå sentrum i Os er det fleire vegar som fører til fjells. Ein kan gå til Borgafjellet, Tøsdal/Nordmarka, Liafjellet eller vandre langs Strandvegen. Her er vi i planleggingsfasen om ei større informasjonstavle som vil bli strategisk plassert i sentrum. Tavla vil innehalde nyttig informasjon om dei ulike turane ein kan gå frå sentrum, kart over dei ulike områda, men og viktig og informativ informasjon om Os. Vi vil her gå i dialog med aktørar som skal ta del i innhaldet til tavla. T.d Oselvarverkstaden, Oseana, Solstrand Fjord hotell m.fl. Vi ønskjer også å få opp fleire retningspilar og skilt i for dei ulike turmulighetene som finns frå sentrum.

- Bømarka ( Sjå vedlegg 4)

Aust om elvo ,som me seier i Os, finner man Bømarka. Økt boligbygging har gjort at Bømarka blir meir og meir brukt som turalternativ både for store og små. Det er drift på gardane i området og difor er det viktig å få på plass informasjonstavler (det trengs fleire) og god skilting som visar kor stiane går. Her er me i god dialog med grunneigarane som ser nytten i skilting og informasjon til turgåarar om blant anna korleis ein skal forholde seg til dyr på beite og anna viktig informasjon i tilknytning til gardsdrift. Bømarka er eit flott turområde for små og store som ikkje har behov for dei bratte lange fjellturane. Bømarka har stort potensiale som turalternativ.



Sveningen

Sauskolten

Ringafjesåubotnen

Info tavle

1000 m

